

### Rådmannen

i Flora har etter klage gått inn for at det blir gitt løyve til å dele landbruksseidommen Havnshuset. (Sbmr. 47/2 på Askrova i to. Dette er gjort for å få ei endeleg løysing på skiftet i buet etter Solveig Hammarset. Normalt skal ein etter lova ikkje dele opp så små jordbruks-eigedommar. Men her blir det rådd til å gjere eit unnatak, med bakgrunn i ønske om å styrke busetnad i distrikta.



### Krev bil fjerna

Folk på Svaney har i over eitt år irritert seg over ein raud bil utan skilt som ha stått på Kana. No prøver grendetvalet å ta affære og få eigar til å fjerne bilen. Ranveig Solheim i grendelaget har og varsla kommunen og politiet om saka og vil ha hjelp derifrå om ikkje eigaren skulle dukke opp og få bilen vekk frå området.

## Flora må velje ny energikjelder

**FLORØ:** Lågtemperert fjordvarme ligg best an som ny energikjelder for framtidens-Flora, i kombinasjon med gass.

#### OLAV HATLEMARCK

olav.hatlemarck@firdapsten.no

Så langt har kommunen sine fagfolk konkludert, etter råd frå SINTEF og høyring hos aktuelle aktørar. No er det politikkane sin tur. Dei neste vekene kan det heile bli avgjort av politiske utval og Flora bystyre.

#### Tid for handling?

I førre veke var klima, energi-

rør, nye telefon og straumkabelar, vert også aktuelle partnarar når det gjeld å forsyne Flora-folket med energi frå andre kjelder. Dei og skal sikre gang- og sykkelveggar og betre vegdekke over anlegga.

#### Åtvåra sterkt

På møtet åtvåra Vidar Grønnevik mot å haste inn i noko, og binde seg opp i ei forsyningskjelde som gjer at ein misser fleksibilitet.

Desentraliserte løysingar er framtida. A pumpe van heilt frå Solheimsfjorden til sentrum vil og vere skeptisk til. Dessutan er jordvarme frå djupare lag i jorda kanskje i ferd med bli ei like aktuell, sa Grønnevik.

På andre felt kan Flora alternative vere utkonkurrert. Måley med avfallsbrenning og Førde med flis.

#### ALTERNATIV

#### Energivalet til Flora:

- Lågtemperaturvarme frå sjøen, eller gass?
- Fjernvarme frå brenning av olje, avfall eller flis.
- Vindkraft eller smakraft eller ein kombinasjon av fleire?
- Dagens prisforskjellar på ulike forsyningskjelder er ikkje særleg store, leveringstryggleik, fleksibilitet og framtidssikter blir enda viktigare for kv løysingar Flora politikarane no må veljast.

## Tok over barneparken

**FLORØ:** I oktober stengde Barneparken til Kvinne og Familieforeningen på Nepljarhaugen, etter nær 50 års drift. Heile området går no til Nepljarhaugen barnehage.


Barneparken får utvida sitt utemåle til det doble. I tillegg er det og aktuelt å ta over bygningane.

– Vi får no mykje meir plass å bolle oss på. Det kan og gje rom for ei meir fleksibel drift av barnehagen, seier styrrar for barnehagen, Kar Berge (bildet).

tilsette i Nepljarhaugen barnehage. Ein epoke er over. Med full barnehagedekning i kommunen var det ikkje lenger grunnlag for barneparken. Barneparken var forlupaaren for første barnehagen i Flora.

Det heile starta med at Florø husmorlag kjøpte ei brakke kommunen hadde brukt under feiringa av 100 års jubileet til byen i 1960 og etablerte parken. 10 år seinare opna Florø husmorlag Nepljarhaugen barnehage på nabotomta.

Dette er utruleg flott. For å sete det med femåringen Kim



Roar i klatrestativet: «Dette er nesten eventyrtreg».

## Store krav til Florahallen

**FLORØ:** Florø Idrettsenter AS har ei lang liste med tiltak dei vil ha gjennomført.

Ingen av desse punkta er med i framlegget til budsjett for Flora kommune for 2009.

Eirik Rostad Ness, Dagleg

FIDAS har måtta avvise aktivitetar i haust grunna dårleg lys på stadion.

Det er FIDAS som har ansava-